

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft		23/91

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2023	Formannskapet	PS	02.02.2023

## Forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land- høyring

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Høyringsnotat om endringar av energilova og plan- og bygningslova

#### Dato

27.01.2023

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg i hovudsak til framlegget om endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land. Det vert vektlagt som svært viktig at kommunane no får meir mynde over denne typen arealkrevjande tiltak, på lik line med andre typer næringsområde, der det lenge har vore plankrav i medhald av plan- og bygningslova.

Kommunen rår i frå at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Ein meiner denne overføringa av mynde kan undergrave det lokale sjølvstyret, og den mynden kommunane skal ha i denne typen arealsaker.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet har send på høyring forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslov (pbl) knytt til vindkraft på land. Høyringsfristen er sett til 27 februar 2023.

I høyringsbrevet av 13.01.2023 skriv dei mellom anna følgjande:

«Departementene foreslår endringer i energiloven og plan- og bygningsloven, som gjelder prosesser for etablering av vindkraftanlegg. Forslagene følger opp Stortingets anmodningsvedtak der regjeringen bes om å fremme et forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftanlegg i plan- og bygningsloven. Øvrige endringer i regelverket eller praktisering av regelverket som er forutsatt av Stortinget i forbindelse med behandling av Meld. St. 28 (2019-2020) Vindkraft på land, omfattes ikke av dette forslaget.

Forslagene innebærer en endring i beslutningsprosessene for vindkraftanlegg. Kommunene har stort sett tatt stilling til nye vindkraftprosjekter ved høring i konsesjonsprosessen, mens den formelle planavklaringen ofte har skjedd ved etterfølgende dispensasjon eller planendring. Departementenes forslag innebærer at det skal gjøres en overordnet avklaring av arealbruken etter plan- og bygningsloven gjennom områderegulering, før det gis konsesjon. Dette vil gi mer forutsigbare rammer for utbygging av vindkraft i et område. Konsesjonsbehandlingen videreføres som en helhetlig samfunnsøkonomisk avveining av alle fordeler og ulemper ved prosjektet.

Det overordnede formålet med forslaget til lovendringer er å styrke kommunenes rolle i planlegging og utbygging av vindkraft på land. Mål om effektive og ressursbesparende prosesser som bidrar til å redusere konfliktnivået, er viktige hensyn i forslaget. Dette vil gi grunnlag for videre utbygging av vindkraft, som er viktig for å styrke kraftbalansen og nå de nasjonale klimamålene.

Departementene foreslår en endring i energiloven § 2-2 slik at konsesjon for vindkraft på land ikke lenger kan gis før tiltaket er planavklart etter plan- og bygningsloven. Hovedregelen er at dette skjer gjennom vedtak av en områderegulering, som skal være på et overordnet nivå. Den detaljerte planleggingen skjer gjennom konsesjonsbehandlingen og etterfølgende detaljplaner etter energiloven. Det stilles ikke krav om samtidig behandling av de to prosessene, men det legges opp til at slik samordning kan skje der dette er hensiktsmessig.

Departementene foreslår en endring i pbl. § 3-7 om at konsesjonsmyndigheten for vindkraft etter energiloven (Norges vassdrags- og energidirektorat), etter samråd med kommunen kan sende områdereguleringer for vindkraft på høring og legge dem ut til offentlig ettersyn. Dette er begrunnet med hensynet til effektivitet, og med at kommuner kan ha begrensede ressurser til slike saker og derfor ønsker å overlate deler av arbeidet til konsesjonsmyndigheten. Kommunen er fortsatt planmyndighet, og de vanlige regler for planlegging etter pbl. gjelder.

Videre foreslår departementene at bestemmelsen i pbl. § 6-4 siste ledd om statlig arealplan, ikke lenger skal gjelde for vindkraft på land. Endringen innebærer at Olje- og energidepartementet ikke lenger kan beslutte at konsesjon for vindkraft uten videre skal ha virkning som statlig plan. En eventuell statlig arealplan for vindkraftanlegg skal etter forslaget følge de ordinære bestemmelsene for statlig arealplan i pbl. § 6-4.

Departementene foreslår å innføre et krav om områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land, gjennom en endring i pbl. § 12-1. Områdereguleringen skal være overordnet, og detaljeringsnivået skal begrenses til overordnede arealmessige forutsetninger som er relevante for kommunens beslutning om arealbruk. Det kan dispenseres fra krav om områderegulering der overordnede arealmessige forutsetninger er utredet og avklart på samme detaljeringsnivå som områderegulering i annen plan, f.eks. kommune(del)plan. Der det ligger til rette for det, bør områderegulering og konsesjonsprosess samordnes i tid med felles konsekvensutredning.

Departementene foreslår en endring i pbl. § 12-2, som gir kommunene rett til å kreve at private utarbeider områderegulering for vindkraftanlegg. Etter dagens regelverk kan ikke kommunen pålegge andre myndigheter eller private å utarbeide områderegulering. Intensjonen med lovendringen er at i de tilfeller det foreligger en konkret tiltakshaver, kan kommunen be denne om å sette i gang områderegulering for å avklare om det kan gjennomføres vindkraftutbygging. Ved at reglene for private planforslag gjøres gjeldende for slike områdereguleringer, vil blant annet reglene om oppstartfasen og tidsfrister gjelde. Kommunene kan etter dette beslutte at et forslag til områderegulering for vindkraft kan stoppes allerede i oppstartfasen.

Som følge av at adgangen til å gi en vindkraftkonsesjon virkning som statlig plan oppheves, foreslås en ny § 12-18 som begrenser adgangen til å oppheve eller endre områderegulering for vindkraftanlegg der det er søkt om konsesjon etter energiloven. Begrensningen foreslås å vare til byggefristen som gjelder for konsesjonen er utløpt. I denne perioden krever oppheving eller vesentlig endring av områdereguleringen samtykke fra departementet. Dette gjelder ikke dersom det er tiltakshaver som fremmer forslag om planendring. Hensikten med forslaget er å sikre forutsigbarhet mot at en kommune skal kunne oppheve eller endre planen på vesentlig måte, etter at konsesjonsprosess er igangsatt. Forslaget vil gjelde alle områdereguleringer der konsesjonsprosess er

igangsatt. Det er derfor ikke nødvendig at departementet treffer særlig vedtak for den enkelte plan om å begrense adgangen til å endre eller oppheve planen.

Det foreslås ingen endringer i adgangen til å utarbeide regionale planer for vindkraft, eller i reglene om kommuneplanens arealdel eller kommunedelplan. Avklaring i kommune(del)plan vil som tidligere være aktuelt når kommunene ønsker å avklare om det er egnede områder for vindkraft i kommunen, og om de i så fall ønsker å legge slike områder inn i kommuneplanens arealdel. Det er ikke et krav om at kommunen avklarer vindkraft gjennom kommuneplanprosessen før områderegulering gjennomføres.

I tillegg til departementenes forslag til lovendringer knyttet til utbygging av vindkraft, fremmer Kommunal- og distriktsdepartementet forslag til endring i pbl. § 6-4 som presiserer at det ikke er klagerett på statlig arealplan. Bestemmelsen lovfester det som har vært langvarig praksis etter både gjeldende lov og plan- og bygningsloven av 1985, og innebærer ingen endring av rettstilstanden...»

## **Vurdering**

Rådmannen meiner at høyringsforslaget vil gje kommunane monaleg meir lokalt sjølvstyre på det som gjeld saker om vindkraft på land. Kravet om at ein godkjent områdeplan i medhald av plan- og bygningslova skal liggja føre, før det kan gjerast konsesjonsvedtak etter energilova, sikrar at lokaldemokratiet får kontroll over denne typen landbaserte anlegg, slik kommunane alt i dag har kontroll med reguleringsplanar knytt til mellom anna større næringsområde og industriområde med vidare. Når ein veit korleis eit vindkraftanlegg kan berøra mange andre interesser knytt til påverknad på landskap, friluftsliv, folkehelse, miljø og viltinteresser med vidare, er den føreslåtte endringa ei naturleg utvikling i høve korleis andre typer arealkrevjande tiltak alt er omfatta av plankrav.

Ved å stilla områdeplankrav vil og nabokommunar kunna nytta seg av motsegn til områdeplanar som vert handsama i nabokommunar. Dette er ein viktig rett, sidan vindmøller på land ofte vil ha stor påverknad også over kommunegrensene.

At regelen i pbl. § 6-4 siste ledd om statleg arealplan, ikkje lenger skal gjelda for vindkraft på land er eit rett og logisk grep, når det no vert stilt krav om godkjent områdeplan. Elles ville denne regelen kunne undergrava den kommunale planmynden i einskildsaker. Dei andre endringane som departementa føreslår meiner rådmannen er fornuftige, både av kapasitetsmessige omsyn, og av omsyn til hovudprinsippet ved endringa, det at vindkraft på land no vert innlemma i plan- og bygningslovgjevinga, og med plankrav slik det er krav knytt til andre typer arealkrevjande næringar m.v.

I høyringsnotatet vert det føreslått at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Planprosessen og konsesjonsprosessen vil dermed kunna gå parallelt fram til vedtak i regi av NVE, men det vert ikkje føreslått andre formelle krav til samordning, enn at planvedtaket må treffast før det kan gjevast konsesjon. Rådmannen meiner at det å leggja planframlegg ut på høyring er eit viktig institutt som bør vera underlagt lokaldemokratisk mynde (av lokale folkevalde), og ikkje eit embetsverk langt unna kommunane. Av den grunn rår ein frå at denne mynden knytt til plan- og bygningslova vert gjeve til NVE.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune sluttar seg til høyringsframlegget, med unnatak om at NVE skal få mynde til å leggja områdeplanar ut til offentleg ettersyn i samband med vindkraft på

land.

### **Formannskapet - 005/2023**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram følgjande framlegg til nytt pkt:

I areal avsatt til vindkraft i arealplanen i kommunen bør også kommunen vera reguleringsmynde, slik at heile prosessen med avsetjing av areal, utforminga av vindmøller, vegar, anna infrastruktur og føresegner vert avgjort på kommunalt nivå, på same måte som all anna arealdisponering vert gjennomført ved kommunale vedtak. Dette gjeld heile prosessen frå arealavsetjing til reguleringsplan, og gjev kommunene den beste forutsetningen for å driva bærekraftig arealforvaltning.

samt endring i kulepkt 2 (som vert endra til kulepkt 3) til:

Kommunen krev av NVE ikkje får utvida mynde [...]

Framlegg til vedtak med tilleggspunkt og endring frå KrF vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune sluttar seg i hovudsak til framlegget om endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land. Det vert vektlagt som svært viktig at kommunane no får meir mynde over denne typen arealkrevjande tiltak, på lik line med andre typer næringsområde, der det lenge har vore plankrav i medhald av plan- og bygningslova.

I areal avsatt til vindkraft i arealplanen i kommunen bør også kommunen vera reguleringsmynde, slik at heile prosessen med avsetjing av areal, utforminga av vindmøller, vegar, anna infrastruktur og føresegner vert avgjort på kommunalt nivå, på same måte som all anna arealdisponering vert gjennomført ved kommunale vedtak. Dette gjeld heile prosessen frå arealavsetjing til reguleringsplan, og gjev kommunene den beste forutsetningen for å driva bærekraftig arealforvaltning.

Kommunen krev at NVE ikkje får utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Ein meiner denne overføringa av mynde kan undergrave det lokale sjølvstyret, og den mynden kommunane skal ha i denne typen arealsaker.